

Fra: Magni Sønnesyn [magni.sonnesyn@klepp.nhn.no]
Sendt: 21. mars 2012 15:25
Til: Postmottak HOD
Kopi: Inger Karlsen Ree
Emne: Høyringsuttale frå ALU Klepp vedr. forslag til Revidert fastlegeforskrift

Almenlegeutvalet i Klepp er svært kritisk til forslag til Revidert fastlegeforskrift, og meiner forslaget i noverande form og innhald bør trekkjast attende.

Legane i Klepp ønskjer å arbeide for eit godt samarbeidsklima med kommunen og andre samarbeidspartnere. Som tidlegare vil vi gjerne bidra til ein god samarbeidskultur med å vise velvilje og fagleg engasjement. Vi ønskjer at samarbeidet skal vere basert på tillit og vere avtalefesta, ikkje forskriftsfesta og bygd på truslar om sanksjonar.

Vi vil hevde at fastlegane i Klepp i dag i stor grad driv verksemda si etter intensjonane i forskriftsforslaget. Dette har vi høve til fordi legane i kommunen har eit gjennomsnitt på ca.1200 pasientar per fastlege. I det nye forslaget til forskrift har ein valt å la normallista for full kurativ praksis verte verande på 1500 til 2500 pasientar. Det er fullstendig urealistisk å arbeide etter dei nemde intensjonane om ein skal ha så store pasientlister. Med forskriftskrav og forventningar om stadig meir møteverksemd, tverrfagleg arbeid, rapportering og oppsøkande verksemd, vert det for dei aller fleste godt over normal arbeidsveke sjølv med reduserte listestørleikar slik vi har i dag. I tillegg verkar det som om ein i forskrifta berre understrekar plikta fastlegane har til legevakt, utan at ein tek omsyn til at dette gjerne utgjere mange arbeidstimar i veka utanom den kurative praksisen. I storbystrok har fastlegar mange gongar høve til å "setje bort" mykje av legevaktene sine, men elles i landet er ein heilt avhengig av at fastlegane tek sin del av legevaktene i tillegg til den daglege praksisen. Kvaliteten i legevaksarbeidet er dessutan avhengig av at mest mogeleg av legevaksarbeidet vert gjort av legar som har hovudarbeidet sitt innan almenmedisin. Med grenselause krav knytta til lange pasientlister og plikt til deltaking i legevakt, er det umogeleg å få arbeidsveka og livet som fastlege til å gå ihop.

I forslaget til revidert fastlegeforskrift vil ein at alle som ber om det skal få time innan 2 eller 5 dagar. Dette forslaget vil gi fastlegane liten mulighet til å kunne styre eigen kvardag på grunnlag av kva som ut frå ei medisinskfagleg vurdering vil vere viktig å prioritere. Ein risikerer å måtte

setje av mykje tid til bagatellmessige og forbigåande plager, legeattestar og rutineundersøkingar, på bekostning av diagnostisering og behandling av meir alvorleg sjukdom.

Og korleis skal det vere mogeleg å delta i stadig meir møteverksemd, tverrfagleg arbeid, rapportering og oppsøkande verksemd samstundes som pasientane til ei kvar tid skal kunne krevje å få konsultasjonstid innan eit par dagar, same kva bakgrunnen er?

Med fleire konsultasjonar på mindre disponibel tid, vil det sjølvsgatt vere grenser for kor mykje utreiing som kan gjerast hjå fastlegen. Dette vil føre med seg endå fleire henvisningar og større press på 2.linjetenesta, med følgjande mindre fagleg tilfredsstillande almenlegearbeid, og sjølvsgatt større utgifter til delfinansiering av 2.linjetenesta for kommunane. Dette vil undergrave intensjonane i samhandlingsreformen.

I det heile tatt synest det medisinskfaglege å vere nedtona i den nye forskrifta. Ein saknar god nok dokumentasjon for at endringane ein foreslår vil gi betre kvalitet på arbeidet. Er det telefontilgjenge og grad av møteverksemd som skal måle kvaliteten på arbeidet ved eit legesenter?

Vi er svært bekymra for at forskriftsforslaget, dersom det vert ståande som idag, vil medføre endå større rekrutteringsproblem til fastlegeordninga. Forventningane om kva allmennlegen skal rekkje over av arbeid er urealistiske, og den store mengda av pålegg vert oppfatta som urimelege. Vi vil minne om at 1/3 av fastlegane i dag er over 55år og at 2/3 av legane som vert utdanna i dag er kvinner som er i familieetableringsfasen når dei skal starte yrkeskarrieren som lege. Den tida er forbi då fleirtalet av legar, både menn og kvinner, kan tenkje seg arbeidsveker så langt utover det normale som forslaget til ny fastlegeforskrift legg opp til.

Allmennlegeutvalet i Klepp syner til og støttar Almenlegeforeninga si høyringsuttale i denne saka, og konkluderer med at forslaget til revidert fastlegeforskrift må trekkjast attende og endrast vesentleg for at fastlegane

i Klepp vil gå inn for det.

Vi kjem til å støtte DnLF sine utspel mtp Revidert fastlegeforskrift, så sant det ikkje vert inngått urimelege kompromiss i saka.

Med helsing

Inger Karlsen Ree

Leiar ALU i Klepp

Magni Sønnesyn

tillitsvald Klepp DnLF